

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høring-forslag til endring i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning - svar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring framlegg til endring i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning. Framlegget har vore til vurdering internt i høgskulen, og styret for Høgskulen i Sogn og Fjordane har desse kommentarane:

Endringane i KD si studiekvalitetsforskrift legg føringar for NOKUT sine fullmakter framover og krav som utdanningsinstitusjonane må møte for akkreditering av studium og institusjonar. For høgskulen i Sogn og Fjordane vil nokre av dei foreslåtte endringane få svært alvorlege konsekvensar dersom dei vert vedtatt.

Det vert foreslått å gi NOKUT ei meir sjølvstendig rolle i arbeid med kvalitet i utdanningane. NOKUT kan setje i gang eigne tilsyn og foreta tilsyn utan bruk av sakkunnig kommisjon der det ligg til rette for det. Høgskulen er positiv til NOKUT sitt arbeid med kvalitet i sektoren, samstundes som vi ser at organet si forvaltning av eigne fullmakter vil få store konsekvensar for institusjonane i tida som kjem. Høgskulen føreset at NOKUT utviklar sitt arbeid og fastset endringar i Studietilsynsforskrifta i tett dialog med sektoren.

NOKUT har ansvar for å godkjenne institusjonane sine kvalitetssikringssystem. Forskriftsendringa legg opp til at NOKUT framover skal ha større merksemd retta mot korleis systemet kan bidra til betre utdanningskvalitet. Høgskulen har i arbeid med kvalitetssystemet hatt stor nytte av råd og rettleiingar frå NOKUT både når det gjeld kvalitetssystem og studieprogram. Det er positivt at NOKUT sitt arbeid no vert meir innretta mot korleis systemet kan bidra til utvikling av gode studieprogram og kvalitet i utdanningane. Institusjonane får fortsatt ansvar for å utvikle eigne kvalitetssystem som er tilpassa deira behov. Høgskulen i Sogn og Fjordane er tilfreds med det.

NOKUT har ansvar for å akkreditere studium institusjonen ikkje har fullmakt til å tilby. Det vert foreslått å gi NOKUT fullmakt til å fastsetje kva for endringar i akkrediterte studium som skal godkjennast av NOKUT. I noverande forskrift er denne fullmakta ikkje tydeleg. Det er positivt med ei avklaring av korleis NOKUT skal handtere endringar og utvikling av akkrediterte studium. Høgskulen vonar at forskrifta vert utforma slik at den gir institusjonane rimeleg

handlingsrom til å tilpasse utdanningane til skiftande behov utan omstendelege søknadsprosedyrar.

Det vert foreslått å innføre krav om periodisk evaluering av studieprogram med deltaking frå studentar, tilsette og eksterne. Eksternt blikk frå arbeidsliv og akademiske miljø vil bidra til større relevans og styrke læringsutbytta i studieprogramma. Det vert viktig å avklare kor lang tid det skal gå mellom kvar evaluering, og ikkje minst, kor omfattande evalueringa skal vere. Høgskulen er positiv til at institusjonane får større ansvar for kvalitetssikring av eigne studieprogram. Forvaltning av eigne fullmakter gjennom evalueringar og dokumentasjon stiller krav til høg administrativ og fagleg kompetanse, og krev betydeleg ressursbruk i institusjonane. Høgskulen ber om at dette perspektivet vert tatt med i det vidare arbeidet.

For høgskulen er det framlegg til skjerpa krav til etablering av master- og doktorgradsutdanning som får størst konsekvensar for institusjonen framover. Høgskulen si vurdering er at det vil vere krevjande å møte desse krava til kompetanse i fagmiljøet, anten det vert alternativ 1 eller 2 som vert vald.

Alternativ 1 når det gjeld masterstudium opnar for at det kan gjerast ei vurdering av fagmiljøet sin samla kompetanse basert på dei faglege behova i studiet. Høgskulen i Sogn og Fjordane støttar dette alternativet. Høgskulen meiner at kriteria for å vurdere akkreditering etter dette alternativet må legge til rette for samansetjing av fagmiljøet basert på studiet sin eigenart og dimensjonering. Høgskulen har merka seg at krav til kompetanse vil gjelde for alle delar av masterstudiet.

I Alternativ 2 vert det foreslått at 12 årsverk skal vere normen for storleik på fagmiljøet som trengst for å tilby masterutdanning. For å forsvare slik ressursbruk må rekrutteringa aukast slik at studentkulla vert større. Det vil vere utfordrande for Høgskulen i Sogn og Fjordane både med omsyn til rekruttering og drift av masterutdanningar. Høgskulen er svært kritisk til eit slikt kvantitativt krav til ressursbruk for eit masterstudium.

Krav om åtte fagtilsette i hovudstilling ved institusjonen og ni i førstestilling der to er professor, er ei betydeleg skjerping av krava til kompetanse og vil gjere det svært vanskeleg for høgskulen å tilby masterutdanningar. Innskerpinga vil særleg ramme lærarutdanningane våre, men og styre utviklinga av dei masterutdanningane høgskulen ønskjer å tilby.

For høgskulen sine masterutdanningar er det avgjerande at kompetansekravet til førstestilling kan dekkast av førstelektor eller førsteamanuensis. Høgskulen er svært kritisk til at dosentkompetanse ikkje lenger vert sidestilt med professorkompetanse når det gjeld krav til toppstilling for masterutdanningar. For profesjonsutdanningane er førstelektor og dosentar med breiddekompetanse vesentleg, og høgskulen meiner det må leggest til rette for at dosentkompetansen vert sidestilt med professorkompetansen ved vurdering av det faglege grunnlaget for akkreditering av masterutdanningar. Førstelektor-/dosentvegen er ein relevant og viktig karriereveg både for mange tilsette og for ein høgskule som vår med høge ambisjonar om kvalitet i utdanningane. Dersom dette framlegget vinn fram, vil karrierevegen bli vesentleg svekka.

Krava for å kunne tilby doktorgradsutdanning er skjerpa både når det gjeld krav til kompetanse, breidde og samansetjing av fagmiljø, og ikkje minst krav til tal doktorgradskandidatar og gjennomstrøyming. For høgskulen vil etablering av doktorgradsutdanning etter desse krava vere

eit meir krevjande løp enn det høgskulen har sett føre seg til no. Når det gjeld val mellom dei to foreslåtte alternativa, vil høgskulen peike på alternativ 1 som det beste.

Høgskulen i Sogn og Fjordane si vurdering er at dei foreslåtte endringane vil styrke NOKUT sitt arbeid med tanke på kvalitet i utdanningane. Dette ser vi som positivt. Dei faglege krava som vert foreslått for å tilby studium på høgre grads nivå er smale, og styret for Høgskulen i Sogn og Fjordane er svært kritiske og uroa over dei konsekvensane dette kan få for institusjonen vår med tanke på studietilbod og forskingsaktivitet framover.

Med helsing

Rasmus Stokke (sign)
Rektor

Kari Thorsen
Seniorrådgjevar